

Eksingedalen

DALEN MED DEI MANGE BREELVSLETTENE

EKSINGEDALEN vekslar mellom breie, flate elvesletter med godt jordbruksland og tronge parti med fossestryk, der vegen klamrar seg til fjellsida. Vekslinga i landskapet er eit resultat av gravearbeidet til breen gjennom fleire istider, og deponeringa av breelvmassar då den siste breen til slutt smelta attende.

Det er ikkje berre U-dalar som kjenneteiknar breforma dalar. Sidedalane munnar ofte ut mykje høgare enn hovuddalen, som hengjande dalar. Lengdeprofilen av dalane er trappeforma, med traug og tersklar. Trauga kan vera små innsjøar, eller dei er fylte med sediment, som no danner elvesletter. Tersklane skaper fossar eller stryk der elva kastar seg utfor (eksa tyder «kasta seg utover»).

Eksingedalen har alle desse kjenneteikna på ein breforma dal. Sidan elvane i Eksingedalen i dag fører lite sand og grus med seg, kan ein spørja korleis elveslettene oppover dalen då vart bygde opp.

For å finna svaret må vi tilbake til slutten av den siste istida. Før elveslettene i Eksingedalen vart danna, kalva brefronten opp i fjorden og stogga først ved Nordheim, der havet stod om lag 60 meter høgare enn i dag, og noko seinare ved Eikefet. Terrassen ved Eidslandet vart avsett på denne tida. Desse sandavsetjingane har vorte nytta til uttak av sand gjennom mange år, slik at



Den vide sletta på Flatekvål er ei gammal elveslette som låg framom breen på slutten av siste istida. (Svein Nord)

store delar av terrassen er fjerna. No er sanddrifta flytta til Eikefet.

Då breen smelta attende vidare oppetter dalen, gjorde han fleire korte stogg. For kvar stogg vart det avsett store mengder sand og grus i grunne elvar framom breen. Elvane bygde opp store sletter, eller sandursletter, som geologane kaller dei. Resultatet viser att som store, jamne flater med lausmassar ved Løland, Eikemo, Høvik, Vetlejord, Flatekvål, Lavik og Nesheim.

Den største breelvsletta ligg ved Lavik. Ho er 2,5 kilometer lang og 150 meter brei, og vart avsett då brefronten låg ved munningen av Fagerdalen. Like nedanfor ligg store kampesteinar i overflata. Dei vitnar om enorme vassmengder under avsetjinga.

Den største breelvsletta ligg ved Lavik. Ho er 2,5 kilometer lang og 150 meter brei, og vart avsett då brefronten låg ved munningen av Fagerdalen. Like nedanfor ligg store kampesteinar i overflata. Dei vitnar om enorme vassmengder under avsetjinga.



Profil av brefrontposisjonar (bøygde linjer) og breelvsletter (gul) då isen trekte seg attende frå Eidslandet og innetter dalen på slutten av den siste istida. (Rune Aa/Inge Aarseth/Eva Bjørseth)

NESHEIMVATNET

NESHEIMVATNET er ikkje så mykje eit vatn, men meir ei utviding av Ekso - med fleire avsnørte vikar og loner. Våtmarksvegetasjonen er dominert av storr, belte med elve-snelle og høgvakse vierkratt. Grønviere er flott å sjå til når han blir fire til fem meter høg. Eit par av sumpplantene som veks i området, er ikkje vanlege elles i fylket, slike som sennegrass og veikveronika.

Fuglelivet er rikt: Grasender som stokkand og krikkannd ser du gjerne symjande med stussen i vèret på leit etter mat på botnen, medan dukkendene dukkar etter smådyr der det er litt djupare. Også den meir uvanlege brunnakken bekkar i området, den ser du oftare på land. Under trekket stoggar små grågåsflokkar ber, stundom òg nokre laksender. Av bekkande vadefuglar finst mellom anna enkeltbekkasin, raudstilk og strandsnipe.

Artsutvalet må vi sjå på bakgrunn av at staden ligg 414 moh., og at vassstemperaturen er relativt låg. Eksingedalen ligg òg langt



frå hovudtrekkleia for dei fleste fuglane som passerer Hordaland. Men nettopp fordi det ikkje finst tilsvarende våtmarker i regionen, tener staden som rasteplass for fuglar under trekket. Dei som stoggar ber,

kjem gjerne ned frå fjellområda rundt og nyttar bøvet til å feita seg litt opp før den krevjande ferda vidare, eller dei stoggar på veg heim, i påvente av at snø og is skal sleppa tak i fjella. (Foto: Svein Nord)

